

Rettleiingshefte for
Tilskot til organisert beitebruk

**i Regionalt miljøprogram
for Rogaland**

2021

Søknadsfristen er 15. november

Foreløpige satsar: kr 20 per sau/geit/storfe



Regionalt miljøprogram er eit økonomisk verkemiddel over jordbruksavtalen. Programmet bygger på Nasjonalt miljøprogram, og er fastsett av Statsforvaltaren i Rogaland i samråd med Rogaland Bondelag, Noregs Bonde- og Småbrukarlag. Det regionale partnarskapet som i tillegg inkluderer kommunane, Rogaland fylkeskommune og Norsk landbruksrådgiving Rogaland har vore involvert i prosessen. Programmet går over fire år.

**Søknader skal leverast elektronisk på
landbruksdirektoratet.no eller altinn.no**

1. Innleiing

Rogaland er eit stort saudefylke. Kvart år sørger beitelaga for at over 100 000 dyr blir slepte ut på utmarksbeite. Målet med tilskot til organisert beitebruk er å legge til rette for best mogleg bruk av ressursane i utmarksbeita, redusere tap av dyr og sikre dyrevelferd gjennom organisert tilsyn, sinking, ettersanking og andre fellestiltak. Tilskotet er ein del av regionalt miljøprogram der økonomisk ramme blir forhandla fram i dei årlege jordbruksoppgjera. Fylkesmannen setter i samråd med faglaga dei årlege tilskotssatsane.

2. Kven kan søkje?

Tilskot til årleg drift av beitelag blir gitt til godkjende beitelag. Beitelaga må vere registrerte i Einingsregisteret innan registreringsdatoen 31.07. Alle medlemene i beitelaget må ha gyldige organisasjonsnummer i Einingsregisteret. Det er beitelagsleiaren som skal sende inn søknaden for beitelaget. Søknaden skal skje elektronisk via Altinn. Det er difor viktig at beitelagsleiaren har nødvendige tilgangar i Altinn.



Beitelag skal registrerast i den kommunen der størstedelen av beiteområdet ligg. Viss laget beiter i fleire kommunar må kommunane saman avgjere kor søknaden skal registrerast.

Søknaden skal gå til kommunen beitelaget er registrert i. Andre fylke kan ha andre satsar for drift av beitelag.

3. Krav til beitelag som får tilskot

Nyregistrerte lag skal ha minst 5 medlemmer og 300 småfeeiningar. Minstekrav for eksisterande lag er 3 medlemar og 150 småfeeiningar. Ordninga gjeld for sau, geit, hest og storfe. Laget må organisere felles beitebruk på utmark i minimum 6 veker i sommarhalvåret.

I tillegg er det følgjande krav:

- ✓ Laget skal ha eigne reglar og eit styre valt av medlemene i laget.
- ✓ Laget skal vere ope for brukarar som har tilgang til utmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremje bruk av beiteområda.

- ✓ Laget skal bruke alle tilskot til laget til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak. Laget skal føre rekneskap. Laget kan ikke overføre tilskot til medlemene utan dokumenterte utlegg eller utgifter knytt til den organiserte beitebruken.
- ✓ Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sinking av eigne og andre sine dyr i laget sitt område, tilpassa lokale forhold. Beiteområdet skal inspirerast minst ein gong kvar veke, slik at unormale tilhøve blir oppdaga og nødvendige tiltak blir sett i verk.
- ✓ Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisere ressursbruk og utnytting av beita. Dette gjeld særleg sinking og ettersinking.
- ✓ Laget skal notere på fastsett skjema opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk).
- ✓ Fylkesmannen og kommunen kan i særlege høve be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.

4. Korleis søker?

Beitelagsleiaren skal på vegne av laget søkje elektronisk og søknaden skal leverast i Altinn. Hugs å søkje innan fristen. Viss søknaden blir levert etter fristen vil de få eit trekk på kr 1000 per virkedag

[Her er lenke direkte til søknadsskjemaet](#)

Før du begynner er det lurt å ha klart lista over alle beitelagsmedlemmene klart. Om laget søkte tilskot i fjor, ligg medlemmane med organisasjonsnummer og beiteområde ferdig utfylt. Beitelagsleiaren må ha tilgang i Altinn for å søkje på vegne av laget. Under menypunktet» Profiler, roller og rettigheter» i Altinn kan de sjekke om dette er i orden.

Trinn 1. Innlogging i Altinn med t.d. Min ID eller BankID.

Trinn 2. Etter innlogging må du velje å representere beitelaget for å få opna søknadsskjemaet.

Trinn 3. Du er no på hovedsida. Trykk på søk tilskot til organisert beitebruk for å opne søknaden.

HOVEDSIDE

The screenshot shows the main page of a web application. At the top, there is a dark header bar with the text "Organisert beitebruk". Below this, a message says "Du representerer foretaket Ole Olsen 999 999 99". There are two sections: "Opplysningene du legger inn blir automatisk lagret når du går til neste eller forrige side i skjemaet. Du kan forlate skjemaet underveis og fortsette utyttingen senere." and "Leverer du søknaden etter fristen, vil tilskuddet bli redusert med 1 000 kroner for hver virkedag etter fristens utløp. Du kan senest levere 20 virkedager etter søknadsfristen.". On the right, there is a sidebar titled "Dispensasjoner" which contains the message "Du har ingen dispensasjoner". At the bottom left, there is a blue button labeled "Søk tilskudd til organisert beitebruk" and the text "Søknadsregistrering åpnet 05.07.2016".

Trinn 4

Vel fylke. Hugs at søknaden skal gå til den kommunen der hovuddelen av beitinga skjer. Når du har valt rett fylke så trykker du «opprett søknad», blå boks nede i høgre side.

Trinn 5. No ser du grunnopplysningane. Viss desse er feil må det bli endra i Einingsregisteret (Brønnøysund). Hugs å fylle ut mobilnummer og e-postadresse, og sjekk om kontonummeret er riktig. Trykk « neste » nedst på sida for å gå vidare.

GRUNNOPPLYSNINGER

Søknad om tilskudd til organisert beitebruk for Østfold - 2016
← Tilbake til hovedsiden

Grunnopplysninger

Medlemmer

Endring i beitelagsområde

Tilsyn, belteslipp og sanking

Dyr sluppet og sanket

Melding fra beitelaget

Vedlegg

Innsending

↑
Du kan navigere fram og tilbake mellom stegene du skal gjennom.

Grunnopplysninger

i Oppdager du feil i opplysningene om foretaket ditt, må du endre disse i Enhetsregisteret.

Om foretaket

Organisasjonsnummer	999 999 99	Adresse	Strandveien
Navn på foretak	Ole Olsen	9999	Stranda
Leder av beitelag			

Kontaktinformasjon

Kontaktopplysningene brukes til å varsle deg om frister og informere deg om vedtaket på søknaden din.

Mobil

99 99 99 99

E-post

sau@geitsen.no

Kontonummer

Tilskuddet blir utbetalt til følgende kontonummer: 9355 07 37065
Dersom kontonummeret er feil, må det endres fra Altinn.
[Klikk her for å åpne skjema](#)

Saksbehandlende kommune

Velg kommunen som skal behandle søknaden. Søknaden skal behandles av den kommunen der beitelaget er registrert.

Kommune

Tønsberg

Trinn 6. Her legg du til eller fjerner medlemmar.

MEDLEMMER

Søknad om tilskudd til organisert beitebruk for Østfold - 2016
◀ Tilbake til hovedsiden

Grunnopplysninger	Medlemmer															
	<p>Her ser du medlemmene som er registrert i beitelaget.</p> <table border="1"><thead><tr><th>Orgnr</th><th>Foretaksnavn</th><th>Kommune</th><th>Beitelagsområde</th><th>Aktiv</th></tr></thead><tbody><tr><td>869187992</td><td>Hans Hansen</td><td>Tørgstad</td><td>Trømborg beitlag</td><td><input checked="" type="checkbox"/> </td></tr><tr><td>869214302</td><td>Ole Olesen</td><td>Tørgstad</td><td>Trømborg beitlag</td><td><input checked="" type="checkbox"/> </td></tr></tbody></table> <p>+ Legg til</p> <p>Førige Lagre Neste</p>	Orgnr	Foretaksnavn	Kommune	Beitelagsområde	Aktiv	869187992	Hans Hansen	Tørgstad	Trømborg beitlag	<input checked="" type="checkbox"/>	869214302	Ole Olesen	Tørgstad	Trømborg beitlag	<input checked="" type="checkbox"/>
Orgnr	Foretaksnavn	Kommune	Beitelagsområde	Aktiv												
869187992	Hans Hansen	Tørgstad	Trømborg beitlag	<input checked="" type="checkbox"/>												
869214302	Ole Olesen	Tørgstad	Trømborg beitlag	<input checked="" type="checkbox"/>												

Trinn 7. Her skal du krysse av viss det er endring i beitelagsområda. Er det endringar så skal nytt kart der beiteområde er avmerkt sendast til kommunen (utanom søknaden).

Trinn 8. Fyll inn tilsyn og dato for beiteslepp og sanking.

Trinn 9. Fyll inn kor mange dyr som er slept og sanka. Sau/geit/storfe med forsterka tilsyn gjeld ikkje for Rogaland, så der skal du ikkje skrive noko.

DYR SLUPPET OG SANKET

Søknad om tilskudd til organisert beitebruk for Østfold - 2016
◀ Tilbake til hovedsiden

Grunnopplysninger	Dyr sluppet og sanket																																																																							
	<table border="1"><thead><tr><th rowspan="2">Foretaksnavn</th><th colspan="2">Sau</th><th colspan="2">Lam</th><th colspan="2">Geit</th><th colspan="2">Storfe</th></tr><tr><th>Sluppet</th><th>Sanket</th><th>Sluppet</th><th>Sanket</th><th>Sluppet</th><th>Sanket</th><th>Sluppet</th><th>Sanket</th></tr></thead><tbody><tr><td>869187992 - Hans Hansen</td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td></tr><tr><td>869214302 - Ole Olesen</td><td>0</td><td>0</td><td>0</td><td>0</td><td>0</td><td>0</td><td>0</td><td>0</td></tr><tr><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td></tr><tr><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td></tr><tr><th colspan="9">Sau/geit/storfe med forsterka tilsyn</th></tr><tr><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td><td></td></tr></tbody></table> <p>Førige Lagre Neste</p>	Foretaksnavn	Sau		Lam		Geit		Storfe		Sluppet	Sanket	Sluppet	Sanket	Sluppet	Sanket	Sluppet	Sanket	869187992 - Hans Hansen									869214302 - Ole Olesen	0	0	0	0	0	0	0	0																			Sau/geit/storfe med forsterka tilsyn																	
Foretaksnavn	Sau		Lam		Geit		Storfe																																																																	
	Sluppet	Sanket	Sluppet	Sanket	Sluppet	Sanket	Sluppet	Sanket																																																																
869187992 - Hans Hansen																																																																								
869214302 - Ole Olesen	0	0	0	0	0	0	0	0																																																																
Sau/geit/storfe med forsterka tilsyn																																																																								

Trinn 10. Skriv ein melding frå beitelaget om aktiviteten laget har hatt i år. Viss de har skrevet ein eigen rapport kan denne lastast opp i neste trinn. De kan i så fall berre vise til rapporten.

Trinn 11. Her kan du laste opp eigne vedlegg.

Trinn 12. Send inn søknaden. Hugs å sjekke om opplysningane er korrekte. Du vil nå få ei kvittering. Denne kan lastast ned frå hovudsida (der du var i trinn 3) eller du kan finne den under «min meldingsboks» i Altinn. Har du ikkje fått kvittering så er ikkje søknaden sendt. Det er viktig å sjekke dette då det er kr 1000 i trekk for kvar virkedag det går etter søknadsfristen.

Har du spørsmål til søknaden så kontakt kommunen beitelaget er registrert i. Hjå Fylkesmannen er Rolf Gunnar Husveg kontaktperson.



Lukke til!